



SAKSHANDSAMAR
Hanne Merete R. Moldung

VÅR REF.
15/00657-8

ARK. P - Plansaker
265-268 Osterøy kom. - Ho

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98 20 27 97

DYKKAR DATO
28.04.2017

VÅR DATO
16.05.2017

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Osterøy kommune - Hordaland - offentlig ettersyn av kommunedelplan for sjø og strandsone 2016-2026 - 2. gangs høring - kommentarer frå Riksantikvaren

Vi viser til dykkar e-post datert 28.4.2017 med oversending av ovannemnde sak, og til e-post av 15.5.2017 som gjeld avgrensing av omsynssone for mellomalderkyrkjestadene i plankartet til kommunedelplanen. Vi viser vidare til vårt brev av 19.4.2016 med motsegn og innspel til 1. gangs høring av kommunedelplanen.

Riksantikvaren bad i brev av 19.4.2016 Hordaland fylkeskommune reise motsegn mot forslag til utviding av Hosanger kyrkjegard. Osterøy kommune har tatt forslaget ut av planen, og det aktuelle arealet er regulert til grøntstruktur og park.

Ved Hamre kyrkje er eit areal ved den gamle kyrkjekaien foreslått regulert til felles naustområde, BAB9 og BAB10, bygg/anlegg. Delar av arealet ligg innanfor omsynssona som mellomalderkyrkjestaden inngår i, H570-14. Vi er kjent med at Hordaland fylkeskommune vurderer å gå til motsegn mot arealformålet BAB9 og BAB10 som ligg innanfor omsynssona, på bakgrunn av tap av kulturhistoriske verdier av omgjevnadane til prestegarden som følgje av arealbruken. Riksantikvaren støtter denne vurderinga, og vi vurderer det slik at Hamre kyrkje og kyrkjegard frå mellomalderen inngår i eit samanhengande kulturmiljø saman med prestegarden, og området der det er planlagd felles naustområde inngår som ein del av den samanhengen kyrkja inngår i.

Hordaland fylkeskommune har gjort oss merksame på at avgrensinga av omsynssone H730 i plankartet for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik ikkje stemmer med geometrien i Askeladden. Omsynssona H730 for kyrkjestadene i plankartet må rettast opp, og vi ber Hordaland fylkeskommune fremje motsegn til planen inntil dette er utført.

Dersom kommunen gir melding om at omsynssonene i plankartet ikkje vert endra i tråd med Riksantikvaren sine merknader, og Hordaland fylkeskommune ikkje finn å ville fremje motsegn til planen, må fylkeskommunen utan opphøyr varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt ta over planen som kulturminnestyresmakt og fremje motsegn til planen.

Beste helsing

Hanne Merete R. Moldung (e.f.)
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent